

# KYRKJEBLADE FOR ÅL



VÅRLØYSING / MISJONSPROSJEKT I NEPAL / KYRKJEVAL 2019  
SOMMARTUR / BUK - DU ER SÅ BRA / PINSE / INNSETJING AV NY PROST

NR. 3 | 2019 | 60. ÅRGANG

739

T Elias Blix 1890  
M C.E.F. Weyse 1826

Gud sig - ne vårt dy - re fed - re - land og  
lat det som ha - gen blø - mal din  
fred frå fjell til strand ter for vår - sol  
rø - ma! Lat fol - ke brø - der sa - man  
bu, som krist - ne an seg sø - ma!

2 Vårt h mørker lenge låg,  
og van<sup>1</sup> et gøynde.  
Men de til oss såg,  
oss ikke gløymde.  
ett ord til Noregs fjell,  
landet strøymde.

det ligg vel langt i nord,  
varer lenge;  
og livet i ditt ord,  
i setja stenge.  
. høgt og dalen trøng,  
då her sitt gjenge.

vårt land i ljós og fred,  
, så grønt i liden.  
seig natt på landet ned  
med tri dom og tunge tider.  
Og folket det sukka etter ljós,  
og du lyste opp om sider.

No er det i Noreg etter dag med vårsol og song i skogen. Gjennom lange og lyse maidager er disse ordene fra Elias Blix sin salme selv sagt. Resten av Fedrelands-salmen er like aktuell hele året: *Gud, signe vårt dyre fedreland og lat det som hagen bløma!* Hele veien er det referanser til kristen tro. Et av versene minner oss om Guds trofasthet: *Men Gud, du i nåde til oss såg, din kjærlek oss ikke gløymde.* Et annet vers oppfordrer oss til å stole på Gud i alle forhold: *Vil Gud ikke vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja.* Vårsola i siste vers til tross, denne salmen kan synges året rundt. *Så signe då Gud, det gode såd, til groren ein gong er mogen!*



## Så går ein dag i frå vår tid ...

*Netttopp når me skriv dette, så er soknerådet sine vallister for neste val endeleg godkjende og offentlege.*

Av Olav Moen

Og når eg skal skrive om soknerådvalet og sokna så vert det truleg litt for personleg, etter i alt 10 år teneste. Det får stå si våge.

Ål sokn er det største soknet, med mest folk og størst aktivitet. Det er her administrasjonen er. I si tid var eg blant elevane som «opna» Ål ungdomsskule for 56 år sidan. Og eg har arbeidd her oppe i 2 år. Ål (eller Sundre) er sentrum i heimstadkommuna mi.

Så er eg kvart nordbygding, og vel so det. Far si mor var frå Ellingsgard, og gofa «Skulen» i Søre-Vats heile livet. Her oppe har me hytter og eigedom der me likar å vera. Dermed er også Nordbygdene ein vesentleg del av meg.

Men, oppveksten hadde eg på slektsgarden på Torpo og Torpo skule. Halve livet har eg budd på Tørpo og her bur eg no, men har alltid vore tørpning. Prøver å delta i ulike aktivitetar her.

I soknerådet må me sjå heilheten i kyrkjelivet i Ål. Mykje dreier seg om Ål og Sundre, men me skal også klare å prate for Leveld og Torpo. Og med ein god og proff leiar så har dette gått svært bra etter mitt syn. Men me må be kyrkjelydane passe på oss,

sjekke at me gjer ein respektabel innsats.

Listene til valet ser ut til å vera veldig bra. Litt yngre enn sist og to av listene har god kjønnsbalanse. Torpo vel mellom 15 kandidatar, Ål har 11 kandidatar og Leveld har 7 namn. Snittalder på kandidatane er 57 år, den yngste er 41 år. Me skulle gjerne hatt nokre i 20-40årssegmentet.

Informasjon om valet vil de finne på aal.kyrkja.no, i Kyrkjebladet og i Hallingdølen. Kyrkjeblad nr 4 kjem i veka før valet med dei siste påminningane. Førehandsrøysting på kyrkjekontoret fra tysdag 13.august, 9-14.

Til hausten kjem ei valavis for heile Hallingdal. Der står mykje om val av kandidatane til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Nett no (tidleg mai) kjenner me ikkje til om kor vår kandidat er komen på lista. Det er viktig at utkantprostiet Hallingdal også vert representert i det nye rådet. Ikkje minst fordi også me har habile og solide folk å ta få.

Meir om soknerådsvalet finn de i bladet. Me ynskjer dikko eit GODT VAL!

## TAKK!

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon sette ny inn-samlingsrekord i Ål kommune: kr 91 435,-

Ein stor takk til alle som gikk med bøsse, stilte som sjåfør, til dei som gav pengar, til sekretariat og vertskap!

Pengane går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda, og vil blant anna bidra til at organisasjonen raskt kan stille med reint vatn i katastrofar. Fasteaksjon har i år særlig fokusert på klimafordrevne, og korleis klimaendringane trugar tilgang på reint vann.

I Ål var det 52 bøsseberarar totalt - 24 konfirmantar, 19 barn frå Etter skuletid, elles var det med 3 andre barn/unge og 8 vaksne. Det kom inn totalt kr 62 113 (inkludert offer i kyrkja sundag på kr 6169,-) I Leveld var det 7 konfirmantar og ein voksen og det kom inn totalt kr 15 998,- I Torpo var det 4 konfirmantar, 7 barn / unge og 4 vaksne og det kom inn totalt 13 324,-

Fekk du ikkje gitt? Det er fortsatt mogleg å bidra: send sms <GAVE> til 2426 (200 kroner) eller benytt kontonummer 1594.22.87493.

Hilde Kirkebøen  
diakon



## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen  
BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 09.00-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Steinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Line Østro • Guro Stave  
KANTOR Audun Flæn | MUSIKARAR Ingunn S. Lie • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHALDAR Rezene Habtom  
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

# PÅSKE – VÅRLØYSING – GUDSTRU

*Me har nettopp feira påske. Denne dramatiske historia om Jesus som gav seg sjølv til spott, liding og død og med det sona all verdens synd. Og som stod opp frå dei døde, knuste dødens velde og synte seg som sigerherre over døden og alle vondre krefter.*

Det høver godt for oss nordmenn at påska og våren kjem på same tid. Både kjem med bod om liv. Me merkar i desse dagane korleis det spirar fram i ein nyskapt natur. Det er sant som salmediktaen skriv: Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord. Og etter som eit under, nytt liv av daude gror.» Me merkar at våren nærmar seg. Snø og is brånar. Knappane på bjørka brest og lauvet spirar fram. Linerla og starene er på plass, humla surrar i solveggen og sumarfuglen syner fram sine fargerike venger. Livet som har lege i dvale spirar fram på nytt. Snart er våren her med all si livskraft. Det er verkeleg eit stort under når «nytt liv av daude gror».

I påska hørde me om eit langt større under: Jesus, som døde og vart gravlagt Langfredag, stod opp frå dei døde Påskedag og sigra over døden og alle



Foto: T.I.K. Anthun

vonde makter. Ikkje nok med det: Nokre veker etter det som skjedde i påska, sende Gud sin Heilage Ande til jord, og Guds kyrkje vart født. 3000 menneske kom til tru på Jesus, les me i Bibelboka. Sidan den dagen har Guds kyrkje spreidd seg til alle kantar av jorda. Stadig nye menneske og folkegrupper vender seg til Gud og vert lagt til den kristne kyrkja. Det er oppmuntrande og inspirerande å høyra om misjonsarbeidet i dei ulike land. Korleis folk

lærer å lesa og skriva og korleis Bibelen blir omsett til ulike nasjonale språk, og korleis dei opplever det som eit stort under at dei kan lesa og forstå det dei les! Og det levande Gudsordet skapar tru og frelse der det vert tatt i mot, og Guds rike veks!

I denne gode vårsongen til Elias Blix, «No livnar det i lundar», kjem me i dei to siste versa heilt fram til målet for



Av Leif Kaslegard

• • • •  
ANDAKT

alt Guds verk i oss og blant oss: «Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song, du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong. Då me med vigsla tunge, med kjærleik heil og klår, alt utan brest og sprunge skal lova Herren vår!»

Me går mot ein evig, fullkommen vår, der alt er nytt og alt er reint og alt er godt! Dette kan me tenkja over i denne yrande vårtida. Også kan me glede oss over nyskapninga i naturen som våren ber med seg samtidig som me ber med oss vona om «ein betre vår ein gong».

Ha ein god og glad vår med utsikt mot den evige, fullkomne våren!

Me går mot ein evig,  
fullkommen vår, der alt  
er nytt og alt er reint  
og alt er godt!

## Kyrkjesskyss

Kyrkja ynskjer at så mange som råd har høve til å delta i sine arrangement. Men sidan ordninga med kyrkjesskyss vart etablert har mykje endra seg. Mellom anna har prisar og tal på arrangement auka. Ein transport kan koma på kr 600, og då vert budsjett på nokre få tusen svært lite, sjølv med ein eigenandel.

Til formiddagsmøte i Kyrkjestugu er det Diakoninemnda si oppgåve å sjå kva dei

kan få til. Til gudstenestene er det soknrådet si oppgåve. Inntil vidare vil kyrkja syte for nødvendig transport til dei tre gudstenestene der eldre er særleg invitert til dei tre kyrkjene.

Om du har ynskje eller behov for kyrkjesskyss så vil me gjerne høre om det for å sjå kor stort behovet er. Sei også noko kva du synest er ein høveleg eigenandel.

Kontakt kyrkjekontoret: 32 08 61 61.

Olav Moen

## Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Også i år vil Leveld bygdekinnelag ordne med vatning på gravene i Leveld. Vatninga startar frå siste helga i mai og held fram ut august. Det blir ikkje kravt betaling, men dei som vil, kan sende ein liten sum til konto nr. 2320 20 60439

Borgny Feten



# Ein betre skulekvardag

Mental helse og næringslivsutvikling er HimalPartner sine to satsingsområde. Under desse overskriftene samlar dei største-delen av sine aktivitetar i Himalaya.

I våre kyrkjelyder har vi spesielt fokus på barn og unge i Nepal. Vi vil vera med og gje barn i Himalaya utdanning og ein god skulekvardag. Skule er noko av det viktigaste for å skape utvikling i eit samfunn.

På femti- og sekstitallet vart det stadig meir tydeleg for styresmaktene i Nepal, at dei måtte gje gutane utdanning. Det fall saman med oppstarten av paraplyorganisasjonen United Mission to Nepal. Misjonærar frå heile verda var med og underviste barn og unge, og mange av dei fekk eit møte med kristen tru.

Framleis var det slik at folk flest opplevde det som bortkasta å sende jentene på skulen. Dei var jo berre «til låns» og skulle gjerast til gode koner i ein annan familie. Då trong dei inga utdanning. Mor kunne berre læra dei det mest grunnleggjande husarbeidet.

Dette er ein av fleire årsakar til at kvinner har hatt så lite å stille opp med når dei vart utsett for utnytting, misbruk og overgrep. Dei hadde ikkje begrep om eigenverdi, og dei kjende seg underdanige og trudde gjerne at dei måtte finne seg i alt.

Dei siste tiåra har det skjedd veldig mykje med omsyn til skulegang for jenter i Nepal. HimalPartner har vore ein aktiv pådrivar for å få jenter på skulen, og leggje betre til rette for lærung.

Gjennom prosjektet «Ein betre skulekvardag» står HimalPartner - og vi - arbeidet som Education Horizon Nepal (EHN) og Early Childhood Educational Center (ECEC) gjer for å lære opp førskule- og småskulelærarar.

I Nepal er det veldig vanleg å slå ungane, og å bruke truslar. Frå gamalt har mange tenkt at det er den beste måten ein kan banka kunnskap inn i ungane. Gjennom å få lærarane til å ta utgangspunkt i elevane, og prøve å forstå dei, vert det skapt ein heilt ny og betre skulekvardag. Det skjer og gjennom å bruke leik. Då blir det òg mykje betre å vera lærar.

Parallelt med dette, arbeider ECEC med å halde kurs for foreldre og omsorgspersonar, så dei betre skal skjøna borna sin situasjon. Mange av dei som har delteke på desse kursa, seier at dei har fått ein heilt annan kommunikasjon og relasjon med borna sine.

*Terje Holmedahl*

## Korleis kan vi bidra?

- Få ny informasjon og inspirasjon gjennom magasinet 'Tibetaneren'. Eit gratis tidsskrift frå HimalPartner.
- Gje ei gåve til misjonsprosjektet ved ofringar i kyrkjene.
- Registrere fast gjevarteneste (sjá nedanfor). Då får du bidra økonomisk gjennom året, og når du ikkje er i kyrkja den søndagen det er ofring til prosjektet.
- Invitere venner på middag og sette ein 'gåvepris' på middagen.
- Vi kan òg vere kreative og bidra på andre måtar. Til dømes ved å la ei åremålgåve gå til misjonsprosjektet, eller ein utlodning, bruktsal osv.

## FJELLSKOLE

Ved gudstjenesten i Ål kyrkje 20. januar i år markerte vi starten på en nytt misjonsprosjekt for menighetene i Leveld, Torpo og Ål: *Fjellskule – Ein betre skulekvardag*. Det var Terje Holmedahl, fra HimalPartner, som prekte denne dagen. Under gudstjenesten ble misjonsavtalen undertegnet av begge parter. Fra Ål misjonsråd stilte lederen, Sigrun Kaslegard.

I gudstjenesten deltok Terje Holmedahl og hans kone Annelis med flott sang. Kirkekaffen gav rom for utvidet kjennskap til HimalPartner. Mot slutten av samlingen viste Holmedahl bilder fra misjonsarbeidet. Alt til både oppbyggelse og inspirasjon.

I Ål har vi et aktivt og engasjert misjonsråd. Medlemmene er flinke til å motivere og til å spre entusiasme for det viktige misjonens arbeid. Vi gleder oss til videre kontakt med HimalPartner i vår felles oppgave med å spre evangeliet.

Tekst og foto: Arne Jensen



F.v: Sigrun Kaslegard (Ål misjonsråd), Vigdis Moen Storhaug (sokneprest), Terje Holmedahl (Himalpartner).

### Slik blir du fast gjevar

Du kan registrere ein fast månadleg trekk til konto nr 2320.15.52893 i din nettbank. For å få frådrag på skatten, må du oppgi ditt personnummer. Om du ikkje har nettbank, kan du få registrert fast trekk i banken. Når det er gjort, ønskjer vi at du sender info nedanfor til kyrkjekontoret.

Adresse: Postboks 140, 3571 Ål,  
eller send mail til [aal.kyrke@hallingnett.no](mailto:aal.kyrke@hallingnett.no)

- For fast gjevarteneste fyller du ut: Navn, adresse, e-post, personnummer, kontonummer, månadleg trekkbeløp og signatur.

- Skriv om du vil motta gratisbladet 'Tibetaneren'.

## Kyrkjeval 2019

*Det blir førehandsrøysting på kyrkjekontoret i perioden 13.august til 6.sept. i opningstida tysdag-fredag 09-14.*

*Det skal vere ein dag med førehandsrøysting i Ål Helsesenter.*

### Tid og stad for røysting valldagen:

Ål kulturhus	8. sept. 15-19 og 9. sept. 10-20
Leveldtun	9. sept. 10-20
Torpo skule	9. sept. 10-20

Dei tre sokna har kvar sine lister. Men om det er praktisk for ein åling å røyste på Torpo så har dei også liste for Ål sokn der. Røyster for eit anna sokn blir handsama på same måte som førehandsrøyster. Me syner også til informasjon i Valavisa for Hallingdal tidleg i august, i Kyrkjeblad for Ål samt på nettsida «aal.kyrkja.no» og facebook: «kyrkjene i Ål i Hallingdal»

Olav Moen

## Kandidatane til soknerådsvalet 2019

### Leveld sokn

1. Torfinn Slåtto
2. Liv Asdahl Solberg
3. Oddveig Skrindo Tveitehaug
4. Else Karin Veslegard
5. Jorun Tekslé Gurigard
6. Gerd Opheim Berg
7. Kristin Trintrud

### Torpo sokn

1. Birger Bolstad
2. Wenche Smestad
3. Sigrid Johnsrød
4. Annette Karterud
5. Svein Halvard Moen
6. Vigdis Vedvik Gåsterud
7. Hilde Brekke
8. Svein Medhus
9. Anne Kristine Tveit
10. Laila Merethe Knaldre
11. Jorunn Opheimsjorde
12. Håkon Sato
13. Anne Gerd Fleten Jorde
14. Kari Kristine Flatland
15. Marianne Helling

### Ål sokn

1. Arild Øystese Hansen
2. Liv Margit Sørbøen
3. Einar Brattegard
4. Wenche Skår-Ekse
5. Anne Kjersti Frøyen
6. Tor Sletten
7. Siv Sylvernes
8. Ole Øyvind Anderson
9. Dagrun Ilstad
10. Grethe Knutsen
11. Gerd Andreassen

Fleire personer frå Hallingdal er kandidatar til Tunsberg Bispedømmeråd/Kyrkjemøte: Øyvind Thorset (Bønnelista), Inga Stoveland Dekko og Sevat Lappegard (Åpen folkekirke), Øystein Lappegard og Gerd Eli Berge (Nominasjonskomiteen si liste)

Olav Moen



Foto: Halne fjellstugu

## SOMMARTUR TIL HALNE

Onsdag 12.juni inviterer Diakoninemndene i Ål, Torpo og Nordbygdene til sommartur.

I år går turen til Halne fjellstugu og i fotefara til Eivind Fredlaus. Me besøker grava hans i Hol på vegen, og Geirmund Tormodsgard vil ta oss med inn i soga om Eivind.

På Halne vil me få eit varmt måltid og god tid til informasjon og sjå oss rundt.

Påmelding til Ål kyrkjekontor:  
32086161 innan 1.juni. Pris kr 300.  
Buss frå Lienkrysset kl 10, Hallingmøbler 10.15 og Sundrehall kl 10.30.  
Frå Nordbygdene kører me privatbilar ned til Hallingmøblar

Hilde Kirkebøen  
diakon



## BUK 2019

Tema: du er så BRA!  
Bli med på trivelege dagar fylt med song, leik, uteaktivitetar, bibelforteljingar, fyrtstehjelp, forming og tur.

Barn som er ferdige med 1. trinn-  
4.trinn meldes på til:  
[Kristine.g.andersen@aal.kommune.no](mailto:Kristine.g.andersen@aal.kommune.no)

Påmeldingsfrist er 3. juni. Pris: 350,-  
Etter fristen: 450,-  
Barn frå 5. trinn og oppover kan vere med som juniorleiarar (Pris 100,-)  
Meld på raskt. Det kan bli venteliste.

*Kristine G Andersen og Hilde Kirkebøen*

## Konfirmantar 2019



Foto: Ole Johs. Bye

## Morgenbøn

Ål kyrkje er open for ei stille morgonstund  
kvar tysdag kl. 08.00-09.00

## Open kyrkje

Kyrkja er open kvar dag  
mellan kl 10-14 minus måndag.

# VI GÅR I KYRKJA

## 09.06.19 – Pinsedag:

Ål kyrkje 10.00 Høytidsgudsteneste  
Takkoffer: Den norske misjonsallianse

Leveld Kyrkje 12.00 Høytidsgudsteneste  
Takkoffer: Åpne dører

## 16.06.19

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Sjømannskyrkja

## 23.06.19

Torpo stavkyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Sundagsskula i Torpo

## 30.06.19

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

## 07.07.19

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Kyrkjebladet

## 14.07.19

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Diakoniarbeidet i Ål

## 21.07.19

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Kristen idrettskontakt – KRIK

## 28.07.19

Nystølskyrkja 11.00 Gudsteneste

Torpo stavkyrkje 18.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Sjømannskyrkja

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut tidleg i september.

Stoff til bladet må leverast kyrkjemottaket/epost:  
tone-idunn.anthun@hallingnett.no  
Frist innan 8. august

## 04.08.19

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 11.08.19

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Bibelskolen i Grimstad

## Sangefjell

naturkatedral 13.00 Gudsteneste

## 18.08.19

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

## 25.08.19

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Familievernkontoret  
Ringerike – Hallingdal

## Ål kyrkje

18.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Flyktningehjelpen

## 01.09.19

Vats fjellkyrkje 11.00 Gudsteneste  
Takkoffer: Vats fjellkyrkje

Ål bygdamuseum 14.00 Friluftsgudsteneste

## KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

### Flytting av gravlagt

Frå tid til annan får me spørsmål om flytting av gravlagt frå ein kyrkjegard til ein annan. Det er normalt ikkje mogeleg korkje for kiste eller urne. Ver merksam på at såkalla «symbolsk flytting» har vorte lettare å gjere dei seinare åra. Om ein ynskjer å føre namnet til ein avdød opp på ei gravstøtte på ein annan kyrkjegard enn der vedkomande er gravlagt krev det godkjenning frå kyrkeleg fellesråd. Det krev også at den eksisterande grava blir sletta.

## DØDE

**Ål:**  
10.03. Syver Medhus f. 1927  
10.04. Ola S. Roen f. 1922

**Leveld:**  
21.04. Olav Kyrkjedelen f. 1932

**Torpo:**  
08.03. Gunvor Sletto f. 1926  
20.03. Eilev Hefte f. 1937  
11.04. Liv Haugen f. 1927  
23.04. Kristi Haugen f. 1923

## DØYPTE

**Leveld:**  
17.03. Johan Elverhøy Kaslegard

**Ål:**  
24.03. William Lunden  
Monsholm  
21.04. Liv-Alexandra Moholt  
21.04. Vegard Issachar Disen  
28.04. Bjørg Hasle Stølen

## Gravstøttene

Viss fundamentet har fått litt hard medfart etter vinteren med tele og bløyte, kan steinen skråna på eine eller andre kanten. Iblast såpass at den skil seg ut på rekkja. Stundom har nokon av dugnadsfolket tatt seg av dette, men ansvaret ligg på den som har festa grava. Og me ynskjer at kvar og ein tek ansvaret og arbeidet med dette. Viss det av ulike grunnar skulle vera vanskeleg, ta kontakt med kyrkjemottaket, så må me sjå om me kan finne ei løysing sammen.

*Olav Moen*



# Pinse og Den hellige ånd

*I dåpen tar Gud imot oss og forener oss med den korsfestede og oppstandne Jesus. En dag kom Jesus selv til elven Jordan for å bli døpt av Johannes. Markus skriver videre om dette i kapittel 1: Straks Jesus steg opp av vannet, så han himmelen åpnet seg og Ånden kom ned over ham som en due. Og det lød en røst fra himmelen. Du er min Sønn, den elskede. I deg har jeg behag.*

Pinse er Den hellige ånds høytid, og duen er et av symbolene for Ånden. Derfor er det ikke tilfeldig at duen er brodert inn på dåpsservietten, den duken vi tørker den døptes hode med. Dåpsserviettene vi bruker er brodert av en kvinne på Madagaskar. Produksjonen av serviettene gir henne og familien hennes hjelp i hverdagen og håp for fremtiden. Den som blir døpt får servietten med seg hjem. Noen familier bruker denne som brikke under dåpslyset, når de tenner det på dåpsdagene.

Pinse regnes som kirkens fødselsdag. Ti dager etter at Jesus før opp til himmelen var disiplene samlet for å feire den jødiske pinsefesten. I Apostlenes gjerninger kapittel 2 kan vi lese hvordan disiplene da ble fylt av Den hellige ånd. Ordet pinse kommer av det greske pentekoste, som betyr den femtiende. Det gjør det lettere å huske at pinse feires femti dager etter påske.

Tekst og foto: Arne Jensen



## NY PROST

Ved gudstjenesten i Ål kyrkje 19. mai ble Sveinung Hansen innsatt som prost i Hallingdal prosti. Det var biskop Jan Otto Myrseth som vigsla han til den nye tjenesten. Sang og musikk fikk stor plass i folke-musikkgudstjenesten denne solfylte ettermiddagen. Biskop og prost vekslet om altertjenesten, mens det var Hansen som hadde prekenen. Etter gudstjenesten var det kirkekaffe. Deretter fulgte velkomsthilsener til prosten, før han selv avsluttet med å takke varmt for mottakelsen.

Arne Jensen